

ARBEIDSARK – ØVING 3.7

SANT ELLER USANT OM PUBERTETEN

... framhald frå førre sida

Spørsmål

Dei første teikna på pubertet hos gutar er at testiklane og penisen byrjar vekse.

Svar

Sant. At testiklane og penisen byrjar vekse, er noko av det første som skjer med gutar i puberteten.

Spørsmål

Kjønnsleppene hos jenter veks i puberteten.

Svar

Sant. I puberteten veks kjønnsleppene hos jenter slik at dei blir meir synlege.

Spørsmål

Det er berre gutar som får meir hår på kroppen i puberteten.

Svar

Usant. Alle får meir hår på kroppen i puberteten. Hårveksten kjem i skrittet, under armene, på armar, bein, rygg og ballar. Gutar byrjar òg få bart og skjegg, men òg jenter kan oppleve å få synleg hår i ansiktet.

Spørsmål

Nokre gutar opplever at brysta deira byrjar vekse litt i puberteten.

Svar

Sant. Nokre gutar opplever det ikkje, men andre gutar kan oppleve at brysta deira veks litt og blir ømme i puberteten. Det går over att.

Spørsmål

Gutar byrjar produsere sædceller i puberteten.

Svar

Sant. Sædcellene blir produserte i testiklane, og sæden ser kvitaktig ut.